

# Ta ein bachelorgrad via nettet eller på Bali – og kva med kvaliteten?

---

*Det er lovbestemt at dei høgre utdanningsinstitusjonane sjølve har ansvaret for kvaliteten i utdanningstilbodet. NOKUT som kvalitetssikringsorgan har dette prinsippet som utgangspunkt for sitt kontroll- og utviklingsarbeid. Men med dei omfattande strukturendringar vi ser konturen av i høgre utdanning, er det fare for pulverisering av ansvar. Korleis førebur NOKUT seg på ei framtid der ansvaret for kvaliteten i høgre utdanning ikkje eintydig ligg til utdanningsinstitusjonane?*

## Politiske mål: Fleksibilitet for studenten og samarbeid mellom institusjonar

Høgre utdanning har lenge vore i endring, mellom anna fordi studentane i staden for å studere fleire år på ein norsk studiestad i aukande grad kan velje å ta heile eller delar av utdanninga heimanfrå eller reise til andre land for å studere ved utdanningsinstitusjonar der. IKT-støtta utdanning er i sterk vekst. Internasjonalt aukar tilbodet om nettbasert utdanning dramatisk. Små eller større delar av utdanningar kan hentast frå nettstader for delte undervisningsressursar her i landet eller internasjonalt (eks: edX, MITx, Khan Academy). Heile utdanningsprogram kan takast online, ofte gratis og utvikla ved store, velrenommerte universitet (MOOCs<sup>1</sup>). Også innanlands er det utvikla nettbaserte tilbod som tar sikte på å rekruttere større studenttal, t.d. ex.phil. ved UiO.

Det er også eit alternativ å ta ei norsk utdanning som blir undervist i utlandet – ofte på eksotiske stader som Bali og Cape Town. Fleire små utdanningsinstitusjonar i distrikta med rekrutteringsproblem tilbyr heile bachelorutdanningar i fjerne strøk, i samarbeid med kommersielle organisasjonar som organiserer opplegget for utdanningsinstitusjonen og studentane.

Departementet oppmodar nå på fleire måtar høgre utdanningsinstitusjonar til å gjere det ordinære studietilbodet tilgjengeleg for nye studentgrupper ved å legge til rette for fleksibel levering. Frå 2012 ble det eit krav at institusjonane skal rapportere til Kunnskapsdepartementet korleis og i kva grad dei gjer det ordinære studietilbodet tilgjengeleg for studentar som ikkje kan eller vil bli tilbringe studietida på institusjonens campus. Statlege satsingar står opp under målsettinga om å gjere høgre utdanning lettare tilgjengeleg for dei utdanningsøskande. Gjennom det nasjonale eCampus-prosjektet skal det implementerast felles teknologi for å støtte deling av læringsressursar og nettbasert undervisning. Det er institusjonane sitt ansvar å fylle denne teknologiske infrastrukturen med pedagogisk tilrettelagt og kvalitetssikra innhald. Samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK) i universitets- og høgskolesektoren er ei anna satsing som departementet stimulerer med midlar. Noregsuniversitetet tildeler etter søknad statlege midlar til utvikling av nettbaserte studietilbod. I søknadene skal det gjerast greie for eventuelt SAK-samarbeid og tilhøvet til eCampusprosjektet.

Korleis kan kvaliteten i høgre utdanning sikrast når utdanning blir frigjort frå campus og fagmiljøet der og undervisningselement kan hentast frå ulike kjelder nasjonalt og internasjonalt og settast

---

<sup>1</sup> Massive Open Online Courses

saman på nye måtar, enten av institusjonens studie-/fagansvarlege eller av studenten sjølv? Korleis kan NOKUT og andre ansvarlege organisasjonar oppfylle sin rolle som kvalitetssikrarar av høgere utdanning når landskapet endrar seg på denne måten?

## Kvalitetskriterium for fleksibel utdanning

To organisasjonar med nettstøtta og fleksibel utdanning som arbeids-/ansvarsområde har sett fokus på kvalitetssikring, og begge er opptatt av NOKUT sin rolle på dette området.

*Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning* (NFF), som har både private og statlege utdanningsorganisasjonar som medlemmer, har utvikla normer for nettbasert undervisning (<http://www.nade-nff.no/default.pl?showPage=225>). Det går fram av informasjonen på nettet at normene «utgjør et sett av krav til kvalitet som NFF mener det er rimelig å stille til nettskoler og andre tilbydere av nettbasert utdanning. Målet er at normene skal bidra til å utvikle kvaliteten i utdanningen, parallelt med og i samsvar med kvalitetssikrings-arbeidet til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT)».

*Noregsuniversitetet* fokuserer også på kvalitet i nettstøtta utdanning, og har for perioden 2011 – 13 sett ned ei ekspertgruppe for kvalitet i IKT-støtta og fleksibel utdanning. Gruppas mandat ([http://norgesuniversitetet.no/files/mandat\\_for\\_ekspertgruppe\\_for\\_kvalitet\\_i\\_ikt-stottet\\_uttanning\\_0.pdf](http://norgesuniversitetet.no/files/mandat_for_ekspertgruppe_for_kvalitet_i_ikt-stottet_uttanning_0.pdf)) er å utvikle og formidle kunnskap om IKT-støtta utdanning og å «jobbe for en strategisk forankring av rapporteringskrav for bruk av IKT i utdanningene, samt synliggjøring av bruk av IKT i arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket» (punkt 1 -5). Gruppen skal utvikle kriterium for kvalitetssikring av IKT-støtta, fleksibel utdanning (punkt 6). I arbeidet med kvalitetskriterium ser Noregsuniversitetet det som naturleg å arbeide mot NOKUT, slik at «bruk av IKT i utdanningen tas inn i NOKUTs normale kvalitetsarbeid, og inn i kvalitetssikringssystemene ved de enkelte institusjonene» (punkt 7). NOKUT har følgeleg fått ein medlem i ekspertgruppa.

Tipsa om aktuelle område med kvalitetssikringsbehov som er lista opp i ekspertgruppas mandatpunkt seks, ser ut til å basere seg på ein tanke om at kriterium for kvalitet skal rette seg mot *institusjonens* kompetanse, prosedyrar og rutinar: «... Vi kan se for oss følgende eksempler:

- Kvalitetskriterier for kompetente e-lærere.
- Kvalitetskriterier som ivaretar et fagnært perspektiv på bruk av IKT.
- Kvalitetskriterier for et (minimums)krav til støttetjenester ved institusjonene; faglig, didaktisk, teknisk, administrativ og sosial støtte "on demand".
- Kvalitetskriterier for digitalt læringsmateriell.
- Kvalitetskriterier for digitale eksamener.
- Kvalitetskriterier for fleksibiliseringen av utdanningene...».

Departementets observatør i Noregsuniversitetets styre oppmoda i møte i juni 2011 gruppa til å sjå mandatet sitt både i relasjon til eCampusprosjektet og til det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket, og rådde gruppa til å utvikle praktisk kunnskap og kvalitetskriterium som både institusjonane og NOKUT treng.

Ekspertgruppa er inne i tredje og siste år av sin funksjonsperiode. To rapportar som utviklar og formidlar kunnskap om IKT-støtta og fleksibel er på trappene. Ein god del av innhaldet i rapportane

blei presentert og vidareutvikla i ein konferanse om IKT-støtta utdanning som ble halden i Lillehammer i april 2013, med Noregsuniversitetet i samarbeid med Høgskolen i Lillehammer, Universitets- og høgskolerådet og NOKUT som arrangørar. Dei tema som blir diskuterte i artiklane, inngår i grunnlaget for utvikling av kvalitetskriterium for fleksibel utdanning. Form og innhaldet på kriteria har vore diskusjonstema i ekspertgruppa gjennom heile funksjonsperioden, og eit forslag vil bli lagt fram for Noregsuniversitetet hausten 2013. Kvalitetskriteria blir utforma som retningslinjer for styring, planlegging og gjennomføring av IKT-støtta, fleksibel utdanning, retta mot institusjonane sitt kvalitetsarbeid. Tanken er at retningslinjene også skal kunne brukast i NOKUTs kvalitetssikringsarbeid. Retningslinjene kan bli nyttige for også for andre organisasjonar på nasjonalt nivå. Frå pedagoghald har det til dømes komme ein del kritikk av eCampusprosjektet, fordi valet av teknologiske løysingar i for liten grad relaterer seg til dei pedagogiske muligheter dei gir. Det er ekspertgruppas håp at utviklinga av kvalitetskriterium også kan få innverknad på diskusjonar om den teknologiske infrastrukturen som skal stimulere institusjonane til samarbeid og fleksibilisering av studietilbod.

## Og kva med NOKUT?

Generelt skjerpar det aukande tilbodet av fleksible og utradisjonelt organiserte utdanningar konkurransen om studentane. At konkurransen fører til auka kvalitet i konkurrerande utdanningar, kan ein ikkje utan vidare rekne med. Rektor ved Høgskolen i Nesna gjorde i Aftenposten 31. juli 2012 greie for si oppfatning av ansvaret for kvalitetssikring av tilboda til dei 25 % av høgskolens studentar som varr registrerte i utdanningar som høgskolen hadde ansvaret for (Kunnskapsdepartementets tilstandsrapport for høgere utdanning 2011), men som blir drifta av kommersielle organisasjonar og undervist i andre land: «NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen) godkjenner utdanningene...» Dette er ikkje rett. Utdanningsinstitusjonane har sjølv godkjenningsansvaret for all utdanning på det aktuelle nivået.

Kunnskapsdepartementet har gitt NOKUT ansvaret for ekstern kvalitetssikring av utdanninga ved høggre utdanningsinstitusjonar, men NOKUT går berre unntaksvis inn og vurderer kvaliteten i dei einskilde utdanningstilboda. Det er ikkje tillitvekkande når ein rektor med ansvar for kvaliteten i mange studietilbod på eksotiske stader, urettvist syner til NOKUT som kvalitetssikrar. Nettopp denne typen utdanningar er organiserte på ein måte som reduserer innsikt, blant anna fordi kommersielle aktørar tek seg av så mykje av det administrative. I NOKUTs undersøking av fleksible utdanningar (Børsheim 2012) blei det fokusert på institusjonens ansvar for kvaliteten i all høggre utdanning. Denne undersøkinga gav indikasjon på at fleksible utdanningsformer kan ha behov for styrka kvalitetssikring på fleire område, samanlikna med tradisjonelt organisert utdanning. Søkelyset blei særleg sett på den institusjonelle leiinga sitt ansvar for å sikre kvaliteten i heile studieporteføljen gjennom strategiske føringar og ressurstildelingane som bør vere ein konsekvens av den overordna styringa:

«Institusjonelle strategier setter rammer, gir retning og er viktige også på den måten at de ofte utløser ressurser til tiltak som tar sikte på å oppfylle målene. Undersøkelsen viste at institusjonens strategi for fleksibel utdanning sjelden gjenspeilte seg i den modellen som ble valgt for den enkelte utdanning. Det burde kanskje være et institusjonelt anliggende hvilke typer fleksibilitet det skal legges til rette for, ikke minst av hensyn til institusjonens utvikling av kompetanse på leveringsformene og muligheter for å kontrollere kvaliteten i alle utdanningstilbud. Spørsmålet kan stilles om selve fleksibiliteten er en fordel eller ulempe for kvaliteten – altså en kvalitetsutfordring i seg selv. Slike spørsmål setter fokus på behovet for

styring og ledelse. Institusjoner bør i større grad diskutere om ulike organiseringsformer krever ulike tiltak for å kvalitetssikre tilbudene. Det kan bety at ledere på flere nivåer bør være involvert når fleksible utdanninger planlegges, for å sikre nødvendig opplæring, ressurser til iverksettingen og et tilpasset kvalitetssikringsarbeid».

Det bør vurderast om NOKUTs mekanismar for kvalitetssikring tar høgd for dei endringar vi ser og som kan føre til eit meir utydeleg ansvar for utdanningane enn hittil. I den seinare tid har NOKUT gjennomført revidering av ein del nettbaserte utdanningstilbod. NOKUTs eksisterande kriteriesett har vist seg effektivt når det gjeld vurderingar av kvaliteten i desse utdanningane, også når det gjeld val og bruk av teknologi og utfordringar knytt til pedagogikk og læringsmiljø i nettbasert utdanning. Spørsmålet er om NOKUTs regelmessige kvalitetsgjennomgangar gjennom audits er eigna til å garantere kvaliteten i den eksisterande IKT-støtta, fleksible utdanninga. NOKUT vurderer no om dei kvalitetssikringsmekanismar organisasjonen har nytta dei første 10 åra, er dei rette framover. Eit forslag om ein ny tilsynsmodell<sup>2</sup> legg opp til at NOKUT i større grad skal føre tilsyn med eksisterande utdanning fokusert på læringsutbytte og bruke mindre av sine ressursar på godkjenning. Eit nytt regelverk (som rett nok krev lovendring før det kan realiserast) vil gi fleire institusjonar enn i dag rett til å opprette nye utdanningar (sjølvakkreditering) utan å måtte søkje NOKUT om godkjenning. Den noverande regelmessige (syklusar på seks år) kontrollen av institusjonane sitt kvalitetssystem, er foreslått erstatta av regelmessige evalueringar av institusjonane sin forvaltning av sjølvakkrediteringsretten. Evalueringane, som skal gjennomførast i syklusar på åtte år, skal vere retta mot studentane sitt læringsutbytte. I tillegg skal NOKUT som i dag kva tid som helst føre tilsyn med einskildstudium ved alle høgre utdanningsinstitusjonar.

*Artikkelen er skrevet av Astrid Børsheim*

## Referansar

Børsheim, 2012. Kvalitetsutfordringer i fleksibel profesjonsutdanning. [www.nokut.no](http://www.nokut.no).

Högskoleverket 2012. Högskoleverkets system för kvalitetsvärdering 2011-2014. Examina på grundnivå ock avanserad nivå. Fastställd 21 december 2012. Reviderad 19 juni 2012.

Kunnskapsdepartementet 2011. Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring.

---

2

[http://www.nokut.no/Documents/NOKUT/Artikkelbibliotek/Generell/Om%20NOKUT/Forslag\\_om\\_nasjonal\\_strategi\\_for\\_utdanningskvalitet\\_og\\_ny\\_modell\\_for\\_tilsyn\\_med\\_h%c3%b8yereutdanning\\_2012.pdf](http://www.nokut.no/Documents/NOKUT/Artikkelbibliotek/Generell/Om%20NOKUT/Forslag_om_nasjonal_strategi_for_utdanningskvalitet_og_ny_modell_for_tilsyn_med_h%c3%b8yereutdanning_2012.pdf)